

Handsama i Formannskapet - 21.09.2016:

Framlegg frå H v/Tom Georg Indrevik om tillegg til pkt. 2:

Utarbeiding av planane må skje saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane i regionen. Det må også vurderast om fylkeskommunen bør delast inn i mindre regionar som har ein felles arbeidsmarknad.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga elles vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 21.09.2016:

1. Fjell kommune vil framheva behovet for at regionale planar i større grad vert utarbeida i samarbeid med kommunane, og ikkje berre i samråd med.
2. Fjell kommune gir sin tilslutnad til at det vert utarbeida ein regional plan for næring og ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Utarbeiding av planane må skje saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane i regionen. Det må også vurderast om fylkeskommunen bør delast inn i mindre regionar som har ein felles arbeidsmarknad.
3. Fjell kommune ønskjer å peika på eit særleg behov for kunnskapsgrunnlag og regional koordinering av havbruksverksemda i fylket.
4. Fjell kommune meiner det bør utarbeidast ein plan som adresserar overgangane mellom utdanningssystem og institusjonar i denne planperioden. I dette planarbeidet bør fråfall i skulen få særleg fokus.
5. Fjell kommune ønskjer ein tydeleggjering av kva «forpliktande regional arealplanlegging må styrkast» inneber.
6. Fjell kommune ser ikkje behovet for ein ny regional plan for godshamn i Bergensområdet viss målet her er å peika ut kor ei slik godshamn skal liggja.
7. Fjell kommune meiner at ein i lys av endringar i kommunestrukturen og på det regionale nivået, bør vera tilbakehalden med å utarbeida for mange planar i planperioden. Det er uvisst kor lenge desse planane vil gjelda.